

SISTE SKULEDAG FØR JUL

fredag 21. desember 2018

Litt informasjon om siste skuledag og skyss heim.

I forskrift om ferie- og fridagar i skule og barnehage 2018-2019 Lindås kommune står det:

3. Siste dag før jul og sommar

Siste elevdag før jul og sommar skal følgja skuleruta. Skulane sluttar etter 4.time eller slik at det høver med samordning av skuleskyss. Avkorta dag før jul og sommar har vore ein kompensasjon for kveldsarrangement (ikkje obligatorisk undervisning) gjennom skuleåret.

Siste skuledag før jul fell i år på ein fredag. Det går ordinære skyssruter kl.12:15 fredagar og bussane følgjer desse. I samråd med Nettbuss vil det vere kapasitet til at alle elevane ta buss heim kl.12:15.

SFO er open for elevar i 1. – 4.klasse med ordinær plass. Me ber om at de gir melding om barnet dykkar vert henta tidlegare enn vanleg fredag 21.desember.

Helsing

Anne Wergeland – rektor